

Hei alle grunnskular i Nordhordland!

TSU-Nordhordland er ein frivillig organisasjon, som består av representanter fra Politi, Brann, Ambulanse og Trygg Trafikk. TSU gjennomfører ulike trafikkførebyggjande tiltak, spesielt opp mot barn og ungdom. TSU har fått midlar frå Gjensidigestiftelsen for å kunne gjennomføre ulike trafikktiltak opp mot skulane i Nordhordland, og difor vender vi oss til dykk!

Som en del av folkehelseperspektivet er det ønskjeleg at fleire elevar skal sykle eller gå til skulen, som alternativ til bil. Forskning viser at sykklistar er dei mest utsette i trafikken, og talet skadde sykklistar stig for kvart år. Det er viktig at barna har gode haldningar i trafikken og har god trafikkforståing. I tillegg er det viktig at syklane er i forskriftsmessig og forsvarlig stand.

Læreplanen har kompetansemål for trafikkopplæringa. TSU ønskjer å motivere skulane til å gjennomføre trafikktiltak i skulen, og tilbyd no eit **supplement** til skulane sitt trafikk-undervisningsarbeid. **Vi har ingen elevar å miste!**

Her er nokre døme på trafikktiltak i skulen:

- Reflekskampanje (FAU/skulen)
- Gå/sykle til skulen - kampanje, med fokus på trafikktryggleik
- Valgfag ungdomsskulen «innsats for andre», med tema trafikk (sjå under)
- Sykkeldag
- Sikker skuleskyss
- Andre gode trafikktiltak i skolen

Har din skule lyst til å vere med?

TSU kan tilby:

- **Gratis premiering, ved trafikkampanjar i skulen sin regi**
TSU kjøper inn ulike trafikkforebyggende effekter som sykkelhjelm, sykkellys, refleksar, ringeklokke, refleksvestar, sykkelreparasjonspakke, førstehjelpspakke m.m.
- **TSU delar ut premiar**
Etter trafikkampanjar i regi av skulen, kan representantar frå Brann, Politi, Ambulanse eller Trygg Trafikk kome til skulen for å dele ut premiane og prate om trafikktryggleik
- **«Gladkontroll på skuleveg»**
I samarbeid med skulen, gjennomføre sykkelkontroll. Representantar fra TSU vil dele ut ulike trafikkforebyggende effekter langs skulevegen, i tillegg til trafikkforebyggende informasjon. Det blir en hyggelig prat mellom elevane og TSU
- **Utvida sykkeldag**
TSU kan bidra med teoriundervisning (innan sykkel, refleks m.m.) og sykkelkontroll

- **Valgfag ungdomsskolen**

For eksempel: Elevar reparerer sykklar til barn på lavare alderstrinn. TSU står for for profesjonell og gratis opplæring til elevane som skal utføre reparasjonar, i tillegg til å kjøpe inn alt nødvendig utstyr for gjennomføring. Eventuelt å skaffe brukte sykler som kan reparerast og gjevast til nokon som treng det.

Vi ønsker å hjelpe så mange som mogeleg, men må vurdere etterspurnad og kapasitet.

Ta kontakt med underskrivne og gje signal om kva de har i dykkar planar og kva de ønsker at me skal bidra med 😊

Påmeldingsfrist: 01.09.17 .

På vegne av TSU-Nordhordland

Gunn-Torhild Ramslien

Tlf: 45 44 03 23

Gunn-torhild.ramslien@lindas.kommune.no

TSU Nordhordland

